



**HJELMELAND  
KOMMUNE**



# VINTERTUREN 2020-2021

# VINTERTUREN 2020-21

Her kjem ei ny utfordring til deg: Rundt om i Hjelmeland kommune har me lagt til rette totalt 10 turar som me med eit fellesnamn har kalla «Vinterturen»

Desse turane er relativt korte og ligg stort sett i låglandet der ein normalt ikkje får snø over lengre periodar. Her i dette heftet vil du finna ein kort informasjon om kvar tur, her er det også eit lite kart som viser kor løypa går. Streken som viser løypa er nok ikkje heilt presis, men den er i alle tilfelle til god hjelp, så du bør ha dette heftet med deg når du går på tur.

Ved å gå inn på facebook «Vinterturen», eller [www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no) vil du kunne finna digital kartlenke til turane. Då vert det lettare å sjå kvar i kommunen vår du skal finna startpunkt for turen.

## **Konkurransereglar:**

Ved kvar tur vil du finna ulike spørsmål. Fleire av desse har tilknytning til ein melodi, utan at det er spesielle baktankar med dette. Konkurransen varer fram til 30. april 2021.

Svara dine må me ha innan 3. mai. Blant rette svar vil me trekke 10 vinnarar som alle blir premierte

Vil du vera med på denne turkonkurransen, så sender du svara dine til: [postmottak@hjelmeland.kommune.no](mailto:postmottak@hjelmeland.kommune.no)

Hugs å skriv namn på turmålet saman med svaret ditt:


Eks: Heståsen: Per Spelemann og Julianissen.

God tur!

## Fjellvettreglane:

- Planlegg turen og meld frå kvar du går.
- Tilpass turen etter evne og forhold.
- Ta omsyn til vêr- og skredvarsel.
- Ver førebudd på uvêr og kulde, også på korte turar.
- Ta med naudsynt utstyr for å kunna hjelpa deg sjølv og andre.
- Ta trygge vegval. Kjenn att skredfarleg terreng og usikker is.
- Bruk kart og kompass. Vit alltid kvar du er.
- Vend i tide, det er inga skam å snu.
- Spar på kreftene og søk ly om nødvendig.





### Dalane –Skogerbø (Årdal)

Start frå P-plass ved Dalane. Gå vegen inn mot Eventyrskogen. Ca 100 m før parkeringsplassen ved Eventyrskogen tar du til høgre og går inn på den vegen som går sørover. Følg denne til du har passert vanntanken, ( ca 4-500 m) gå gjennom grinda og følg deretter vegen oppover mot Skogerbø. Ca 50 m før du kjem til grinda her vil du finna turmålet. Her snur du og går same vegen tilbake. Passer vanntanken og sving ned til venstre mot Dalane-feltet og P-plassen. Ca 3,5 km




## Hjelmen (Hjelmeland)

Start frå p-plassen ved kyrkja. Følg vegen ca 600 m og sving opp og til høgre ved tursti-tavla. Følg deretter merka sti opp til gapahuken på Hjelmen. Ynskjer du å gå ein annan veg ned igjen, så kan du følgje merka sti ned til byggefeltet på nordsida av Hjelmen. Denne stien er relativt bratt. ca 3 km tur retur.



## Stemmen – Nessa (Fister)

Start frå Stemmen som ligg i vestre enden av Hetlandsvatnet. Frå Stemmen føl du merka løype mot Nessa (sjå skilt) På eit tre, litt søraust for den store tanken, ser du turmålet. Herfrå kan du gå tilbake opp bakken og deretter følgje merka løype tilbake til Stemmen. Ca 7 km




### Bønaråsen (Årdal)

Start frå parkeringslomme like ved Storå bru. Pass på at du ikkje stenger for ut og innkjøring til bygget her. Kryss RV13, men pass deg for trafikken her. Gå ca 50 m nordover til gjerdekyvar. Følg deretter merka sti opp til Bønaråsen.



### Dalsenden (Geisfjell)

Start frå P-plass ved Geisfjell. Nå kan du følge vegen som går opp og forbi garden Geisfjell. Følg skiltinga vidare heilt inn til Dalsenden. Turmålet er ved den store steinen i Dalsenden, - Skjenstøsteinen. Grunneigarane her vart gifte oppå denne steinen i sommar. (Du får sikkert lov til å låna steinen dersom du skulle gå i slike tankar?) ca 1,5 time tur/retur




### Sandsåsen (Hjelmeland)

Ta av frå RV 13 ved Puntstnes og kjøør inn på vegen som går mellom bensinstasjonen og jærstolfabrikken. Kjør til endes på denne vegen. Herfrå er det merka sti opp til Sandsåsen. Ca 1,5 time


## ***Fleire turtips?***

Dersom du er på jakt etter fleire turtips så kan du finna opp mot 70 tildelgare Kodejakt-turar her: <https://www.hjelmeland.kommune.no/.../frilu.../konkurransar/> Eller gå inn på: [www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no) på knappen «Kultur, fritid og turistinformasjon» her ligg det fleire turforslag.



## Hammaren (Årdal)

Start frå parkeringsplassen ved Eventyrskogen. Gå tilbake ca 50 m, sving over brua og opp bakkane. Her stig det ganske kraftig. Like før du skal svinga av frå denne veggen, ser du turmålet. Nå går du over «brua» og bekken og opp til Måmyrvegen og føl denne ned til parkeringsplassen ved Eventyrskogen igjen. Ca 1,5 time.



## Heståsen (Fister)

Du kan nå fram til Heståsen frå fleire utgangspunkt, men her har me laga ei kartskisse med start frå Stemmen i enden av Hetlandsvatnet. Følg skilting mot toppen. Ca 1,5 time tur/retur



### Tjentlandsskogen (Årdal)

Det er mulig å parkere på avkjørsel like ved riksvegen ca 100 m nordvest for Tveit-krysset. Følg skogsvegen oppover lia heilt til du ser skiltet der du skal svinga til høgre og ut til punktet der turmålet er plassert. Ca 1 time tur/retur



### Sjiddknatten (Jøsneset)

Sjiddknatten er lokalt stadnamn på ein liten markant bergknaus på Nesvikheia, ca 200 moh og kort avstand frå fylkesvegen Jøsnesvegen. Her er det open og vid utsikt både over bygda og vestover den vide Ombofjorden. Fint å starte på ferjekaien på Nesvik, RV 13, og gå opp Nesvikbakken. Frå øvre tun svingar du inn på landbruksveg i retning Nesdalsfjell. Følg merka løype Turen frå kaien til Sjiddknatten tar ein times tid, dels på veg og dels på sti. Ta gjerne òg avstikkaren opp til Nesdalsfjell som òg er eit tilrettelagd utsiktspunkt (blått punkt)



Takk til Ryfylkefondet for støtte til trykking av dette heftet.



Takk for gåvepremien:



1. Premie: Gåvekort på kr 500,- frå XL Bygg Ryfylke
2. Premie: Gåvekort på kr 500,- frå Spar Hjelmeland
3. til 10 premie Badelaken frå Hjelmeland Sparebank

# Svarskjema

Nr	Namn på tur	Besøkt dato	Svar
1	Dalane –Skogerbø (Årdal)		
2	Hjelmen (Hjelmeland)		
3	Stemmen – Nessa, retur (Fister)		
4	Bønaråsen (Årdal)		
5	Dalsenden (Geisfjell)		
6	Sandsåsen (Hjelmeland)		
7	Hammaren (Årdal)		
8	Heståsen (Fister)		
9	Tjentlandsskogen		
10	Sjiddknatten (Jøsneset)		

Namn:

---

Adresse/epost:

---

Telefon:

---



**HJELMELAND  
KOMMUNE**

## *Hjelmeland, naturlegvis*

Hjelmeland kommune, Vågavegen 116,  
4130 Hjelmeland – Tlf: 51 75 00 00  
[postmottak@hjelmeland.kommune.no](mailto:postmottak@hjelmeland.kommune.no)